

Lunde (gnr. 39)

Lunde: gardnamn av naturnamnet lundr, lund, holt liten skog. I Fåberg har skrivemåten av namnet vore stø og historisk kjenneleg gjennom lange tider.

Det eldste minne om manns ferd her på Lunde er 3 fornfunn frå eldre og yngre jernalder. Firnfunna er ein beltestein av kvartsitt og 2 økseblad av jern. Den eine øksa er gravfunn. – I skrivne kjelder er garden fleire gonger nemnd på 1500-talet. Ved innkrevinga av sølvskatten Gjengjerden i 1528 er det såleis fortalt at Haldvor Lunde svara 1 lodd sølv som t.d. Tollev Gustum og Dag Mellem. I 1557-58 er Lunde ført blant dei Fåberg-gardane som før Hadde vore kyrkjegods under Hamar-bispen, men da var vorte krongods. Landskylda av Lunde er så tidleg som i 1557 oppgitt til 2 huder. Kring tretti år seinare finn ein Lunde ført i gruppa for dei 28 største gardane i bygda som alle betalde Bygningsskatten 1594 med 60 skilling kvar. Ved utligninga av tiendekorn i 1604 er Lunde ført som første garden på lista for Fåberg. Tienda av Lunde var da 2½ td. som t. d. for Tråset, Vedum, Rustad og Dal.

I 1615 går det tydeleg fram at Asbjørn var vorte brukar på Lunde, garden var framleis krongods, og landskylda var som før 2 huder. Men sju år seinare var landskylda endra til 1 hud 1½ pund fisk. Det var altså vorte kjent at det til Lunde hørde et godt og årvisst fiske. Asbjørn Lunde var både ein kjend og vörd mann i bygda. Han var vald lagrettemann både i saka mot Siri Olsdtr. i 1623 og i slagsmålsaka mellom Oluf Hågå og Oluf Breiset i 1628. Det var Siri Olsdtr. som vart dømt til døden fordi ho hadde fått bar med Hans Madsen, som før hadde barn med søster hennar, Kari Olsdtr.

Litt meir om storleiken på garden går fram av lista over Kvegskatten 1657. Der er det fortalt at husdyrhaldet på Lunde i den tid var 2 hopper, 10 naut, 6 sauer og 1 gris. I

Mannkjønntalet 1665 er garden Lunde ført i gruppa for "Halfue Gaarder". Elles er det der fortalt at garden i den tid var "Ryttergaard". Ein merker seg og at brukaren da heitte Asbjørn Asbjørnsen og var 50 år. Det er såleis vanskeleg å fastslå når Asbjørn d.e. slutta og Asbjørn d y. tok til.

Tre år seinare kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysninger om gardane. Der er det om "Lunde" fortalt at garden framleis var krongods, at landskylda var på 1 hud 1½ pd. fisk, og at brukaren framleis heitte Asbjørn. Vidare er det om "Lunde" opplyst at enga, innmarka på garden var god, at det var skog til gards bruk, og at garden hadde seter på Nysetra. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 16 storfe, og korntienda vart utreidd med 2¼ td., som altså svara til ei årsavling på 22½ td. – I dei militære rullar frå denne tid finn ein ikkje Lunde innført, truleg fordi garden var ryttergard.

Listen over Leilendingsskatten 1678 fortel derimot at brukaren på Lunde også da heitte Asbjørn, og at den årlege utreidsla av garden da var 1 hud 1½ pd. fisk og 5 rd. i pengar. – Frå denntida er elles eit skjøtenav 25. jan. 1685 der Peder Ifuersen frkk kjøpt "Lunder" i Fåberg av skyld 1 hud 1½ pd. fisk. Sytten år seinare varf det Henning unde som hadde tatt over garden. Han hadde da ei sak som her kan vera av interesse på fleire måtar. Saka er elles etter urskrift av tingboka referert slik:

"Lunde i Fåberg.

Gustum i Fåberg 23 okt. 1700.

Christen Hansen av Christiania stevner Henning Lunde for gjeld 57 rd. 12 skl. Innstevnte møtte ikke. Saken optages til neste ting.

Gustum 25. novbr. 1700.

Avsagt: Henning Lunde vedstår å skylde Christen Hansen 26 rd. 6 skl., som tilfinnes å betale med renter 5 rixort, innen 15 dage tillikemed omkostninger.

De øvrige penger skylder Peder Fagstad for 200 pund tobak og 1 dusin piper. Han er ikke stevnt.”

Men i 1705 var Henning Lunde død, og det var skifte på ”Lunde i Lillehammer i Fåberg”. Ved dette skiftet var garden Lunde takseret til 400 rd., og dødsbuet utgjorde 519 td., men netto berre 68 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enka Marit Svendsdtr. dei 7 borna i ekteskapet: Hans, Svend, Iver, Kari, Marit, Sønnøv og Anne.

I Hans Henningsen si brukartid kom det nye matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Lunde fortalt at garden ligg i sollia, er lettbrukt og har god jord. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang, seter med ”maadelig” hamn og utslåttar til 1 lass høy. Den årlege høyavlinga utgjorde i alt kring 25 lass, og buskapen var da 2 hestar, 1 føl, 16 naut, 10 sauer og 6 geiter. Vidare er det og fortalt at den årlege utsæden var ca. 5 tdr. bygg og litt rug. Om brukaren Hans Henningsen går det tydeleg fram at han og var eigar av garden.

Hans Henningsen Lunde var elles gift med Ingrid Iversdtr. Ersgaard, og Hans fekk i 1723 lånt 300 rd. av verfar sin Iver Torgersen Ersgaard mot pant i Lunde. I 1744 lånte og Hans Lunde 295 rd. av Rasmus Besserud og Ole Bjeerke, også mot pant i Lunde. I 1751 gav elles Hans Lunde bygseddell til broren Svend Henningsen på ”en under hans gaard Lunde til og underliggende husmandsplass Lunde-Stuen kaldet beliggende nedenunder gaarden mot årlig husleie 1½ rd. i arbeide”.

Hans og Ingerid Lunde valde å skifte med borna sine madan dei baa var i live, og den 8. april 1752 var det så atter skifte på ”Lunde i Lillehammer annex i Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden også verdsatt til 400 rd., og buet utgjorde brutto 519 rd., men netto 68 rd. Arvingane ved skiftet var dei 8 borna i ekteskapet og Guri som var fødd utenfor ekteskap. Av dei 8 borna var det 3 gutar og 5 jenter, eldst var broren Henning, som da var 30 år. Frå denne tid er elles ein opplysande bygseddell, som etter utskrift har denne ordlyden:

”Melsjøen fiskevand.

Bøxseddell dat. 4- oktober 1752 tgl. s.d.

Foged Chr. Pram bøxler og fæster Melsjøens fiskevand med underliggende fiske kjerner Miøssiøen og Kaab Kjernet til efterskrevne eiere og beboere i Aalsbøigden og Faaberg pretsegjeld neml- Lunde, Lilleberge, Hammerseng, Holme, Aassen, Berge, Rustaden, Schaarset, Ersgaard og Randgaard, hvilke vand og kjern skylder til sammen 3 skind med bøxel penge efter loven 40 s. Denne bevilling må fornyes efter 20 år.

Disse må ikke gi uberettigede folk lov på deres vegne å fiske heruti til fiskeriets ruin, men de må heller se det med demning og anden flid forøket.”

Henning Hansen tok over og brukte Lunde til i 1755. Da gav han og faren Hans Henningsen isaman skjøte til Simen Olsen Laurgaard og arvingane på Lunde av skyld 2 huder for kjøpesum 1040 rd. + føderåd verdsett til 200 rd. til Hans Henningsen og hustru. I skjøtet var elles medtatt at dersom Simen Olsen ville selja garden att, skulle han først by den fram til Henning Hansen. I samband med denne handelen lånte kjøparen Simen Olsen Laurgaard 700 rd. av lensmann Johannes Olsen Steig mot 4 % årleg rente og 1. pr. pant i grd. Lunde av skyld 1 hud 1½ bpd. fisk. Året etter gjekk elles handelen med om inkje att, og Henning Hansen overtok atter garden for 1270 rd. Eit halv år etter bygsla elles Henning Hansen garden Lunde til bror sin, soldat Iver Hansen, for 3 år mot ”årlig landskyld svarelse, når han derav utreder de kongl. skatter og kontributioner og holder gaarden vedlike.” I denne mellemtida gav i 1858 Henning Lunde elles skjøte til Paul Johansen på 6 skinn i Lunde for 420 rd. Etter atter eitt år selde så i 1759 eigaren Henning Hansen garden Lunde av skyld 1½ hud i samsvar med kjøpekontrakt som etter utskrift er sålydande:

”Lunde.

Forening dat. 2.april 1759 tgl. 5. oktober s.å. mellem Henning Hansen og prokurator Michael Friderich Nimb angående gården Lundes salg. Henning Hansen opladet for hr. Nimb med hustru og arvinger sin andel i gården Lunde neml. Først den halve del i denne vår som denne strax tiltreder imot at han dette år derav svarer alle skatter og rettigheter så og rente til Henning Hansen av 400 rd., item det halve føderåd til Henning Hansen Foreldre, men den anden halve del av gården som Henning på samme måte dette år bruker, tiltreder han ikke før til 4. april 1760, til den tid han erlegger de 800 rd. som han Henning Hansen for gården har akkorderet, så og erlegger til hans foreldre deres fulde føderåd av gården. På samme måte vedtar prokurator Nimb salget av gården Lunde.”

Av dette følgde vidare at kjøparen prokurator Micael Fr. Nimb lånte 770 rd. av Erik Pedersen Sørhove mot pant ”i $\frac{3}{4}$ parter av gaarden Lunde i Faaberg som skylder $1\frac{1}{2}$ hud med bøxel.” – I skjøtet til prokurator Nimb av 14. april 1760 er elles Henning Lunde kalla Henning Mesnalien.

To år seinare var i 1762 prok. Nimb vorte lensmann på Toten, og han bortforpakta da garden Lunde til Henning Hansen og Christen Tordsen etter tinglyst kontrakt. Om denne kontrakta vart det elles mye skriving og ikkje så lite strid, som vi her ikkje skal gå noko nærare inn på. I 1763 gav så prok. Nimb skjøte til sorenskriver Rasmus Nygaard på garden Lunde av skyld $1\frac{1}{2}$ hud for kjøpesum 820 rd. + føderåd til Henning Hansens foreldre etter kontrakt ”samt at erstatte Henning Hansen og Christen Tordsen et på garden oppsatt stabur.”

Etter atter fem år gav i 1775 Poul Johannesen skjøte til Ole Iversen Nordre Holme på grd. Søndre Lunde av skyld 6 skinn for kjøpesum 500 rd. – frå 3 år seinare er ein eksekusjonsforretning der grd. Nordre Lunde av skyld 1 hud 6 skinn vart utlagd til Erik Pedersen Sørhove for 900 rd. etter lagtingsdom av 18. sept. 1772. I dei 3 påfølgjande år hadde så Erik Sørhove Nordre Lunde, som garden etter kvart vart kalla.

Ole Iversen Lunde vart i 1784 innstevnt for brennevinsbrenning og -salg. Saka er i ei samatrengt utskrift ref. på denne måten:

”Lunde i Fåberg.

19. juni 1784.

Fogden har efter amtets ordre innstevn Ole Iversen Lunde for brennevins brenning og salg.

Ole Iversen benektet saksmålet for så vidt hans person angår.

Div vidner blev avhørt. To vidner blev ilagt bøter og forelegges å møte til neste ting.

Saken utsettes.

9. okt. 1784.

Fogden erklærte saken frafaldt da innstevnte mindelig har rettet sig.”

Året etter lånte elles Ole Iversen Lunde 160 rd. av Peder og Christen Erichsønner mot pant i ”et under grd. søndre Lunde liggende jordstykke Brynateigen kaldet”. – To år seinare gav så Ole Iversen skjøte til Haagen Halvorsen og hustru på grd. søndre Lunde av skyld 6 skinn ”tilikemed alt hans løsøre” for 670 rd. + føderåd til svigerforeldra Ole Iversen og hustru Kjersti Engebretsdtr. Etter atter to år selde så Ole Iversen Sør lunde jordstykket Brynsteigen ”beliggende indeimellem Nordre Lundes aker og eng”. – Året etter var det i 1790 atter handel med søre Lunde: Haagen Halvorsen gav da skjøte til Peder Olsen på halvdelen av garden Søndre Lunde av skyld 3 skinn for 399 rd. I samband med handelen lånte kjøparen Peder Olsen 450 rd. av lensmann Iver Fliflet mot pant i Søndre Lunde av skyld 3 skinn og desutan i lausøyre og i eit års avling.

Nordre Lunde var vorte embetsmannsgard. Det førde med seg at det vart fleire menneske og meir mangfelt liv på garden.

Den 22. febr. 1790 var det såleis skifte her etter tidlegare sogneprest til Tønset hr. Ole Berg, som var død i Fåberg 18. febr. s.å., og som var i nær slekt med familien foged Hartmann på Lunde. Avdøde hr. Ole Berg var ved sin død 76 år, og det er opplyst at han hadde 6 born. Det var: 1. Johan Henrich Berg, sokneprest, 2. Frderichia Berg, 3. Anne Christiane, 40 år, 4. Maren Elisabeth, 39 år, 5. Anne Dorthea g. m. Røsing, 6. Engel Maria Berg. Arvebuet utgjorde ved skiftet brutto 196 rd. og netto 187 rd.

Seks år seinare var det i 1796 ein stor handel med Nordre Lunde i Fåberg: Enkemadame Hartmann gav da skjøte til Iver Lysgaard på grd. Lunde av skyld 1 hud 8 bpd. fisk for kjøpesum 3500 rd. Skjøtet er datert 2. febr. 1796. Vidare gav så Iver Lysgaard skjøte til sorenskriver Heyerdal på same garden for kjøpesum 4990 rd. Skjøtet er datert 4. april s. å.. I samband med denne handelen lånte kjøparen Halvor Heyerdahl 3500 rd. mot pant i Nordre Lunde m/kreature, gardsredskaper og avling. Sorenskriver Heyerdahl vart elles på Lunde berre 2-3 år. I 1799 er det opplyst at det var Christen Christensen Storberge som eide Nordre Lunde. Han og foged M. S. Lyng gjorde da husleigekontrakt som i utskrift lyder slik:

”Lunde nordre

Kontrakt tgl. 1977(må være feil, kanskje det skal være 1797), juli 20. mellom Christen Christensen eier av gården Nordre Lunde og foged M. S. Lyng. Chr. Christensen overdrager til brukelighet for foged Lyng endal huser (som prokurator Christian Heyerdahl har eiet tidligere) med rett til å ta brendeved i gårdens skog og sameiemark, samt havne med 3 kjør og 1 hest. – I årlig avgift betales 99 rd. 2 ort. –

”Dette skal foged Lyng beholde uopsagt i 6 år, likesom han også overholder denne kontrakt i fall han ei skulle flytte fra fogderiet, i hvilket tilfelle ½ års opsigelse skal være gjeldende.”

Året etter gav så i 1800 Christen Storberge skjøte til foged Lyng på grd. Lunde. Skjøtet, som er datert 29. septbr., har elles i utskrift denne ordlyden:

”Skjøte. Dat. 1800, septbr. 29. Tgl. s.d.

fra Christen Christensen Storberge til Foged Marcus Sodemann Lyng på nordre Lunde av skyld 1 hud 18 mrk. fisk for 3500 rd. Med i kjøpet følger sæteren Nordsæteren istedenfor Gropen. Kjøpesummen betales således: han indfrir den av sorenskriver Heyerdahl til den alm. Enkekasse utst. obl. av 28 novbr. dens resterende sum 2900 rd. De øvrige 600 rd. betales til selgeren.”

Kring år 1800 vart det fleire gonger handla med plassen Knipen av skyld 2 skinn av Lunde.

Den 15. april 1800 gav således Lars Pedersen skjøte til son sin Lars Larsen på ”pl. Knipen av skyld 2skn.” for 59 rd. – I 1801 er det elles ein annan Lars, Lars Madsen, som sett pl. Knipen i pant for lån av 150 rd. – Fire år seinare var det i 1805 1in ekstra rett på ”Knipen i Fåberg”, og kva saka galdt går fram av denne utskrifta:

”Knipen i Fåberg.

Ekstrarett. 30. april 1805.

Foged Lyng har innstevnt Kari og Mari Christensdøtre Knipen for formentlig hø-tyveri. Klageren Peder Olsen Sørlynde var tilstede.

Dom: Etter de to førte vidners forklaring har Kari og Mari Christensdøtre Kniben nat til 9. mars været i Peder Sør-Lundes lade med sækker og rep for at stjele hø. Kari hadde stoppet noget hø i en sek, men ristet det ut igjen da hun fikk se vidnerne.

Kari Christensdr. Knipen tilpliktes for sin skarnaktige gjerning å bøte 1 rd. til sognets fattige og 1 rd. til justitskassen. Mari Christensdr. frikjendes for aktors tiltale i denne sak.”

Etter opplysningane ovanfor budde det ved folketellinga i 1801 altså da folk på 3 gardsbruk under det gamle matr.nr. 99 i Fåberg. I alt var det 8 familiar på og/eller ved Lunde.

Det var:

Lunde, nordre:

1. familie: 1. Marcus Sodemann Lyng, Foged over Gulbrandsdalen, 40 år, 2. Martha Christina, kona hans, 29 år. 3. Catharina Lyng, dotter deres 5 år, 4. Christine Maria Kjerulf, søskenbarn til kona, 37 år, 5. Christian Henrich Lorentzen, søsterson til kona, skriverdreng, 14 år, 6. Anne Cathrina, tenestkvinne, 21 år, 7. Kirsti Iversdr., tenestkvinne, 25 år.
2. familie: 1. Asbjørn Jonsen, husmann med jord, 36 år, 2. Gunnild Pedersdr. kona hans, 36 år, 3. Johanne Asbjørnsdr., dotter deres, 7 år, 4. Christian Asbjørnsen, 2 år.
3. familie: 1. Elias Amundsen, lottbrukar, dragon, 41 år. 2. Anne Olsdr., kona hans, 37 år, 3. Ingebor, dotter deres, 9 år, 4. Ole, son deres, 6 år, 5. Ingebor Amundsdr., tenestkvinne, 45 år.
4. familie: 1. Ole Hansen, lottbrukar, soldat, 23 år, 2. Eli Nilsdr., kona hans 37? år, 3. Hans, son deres, 4 år, 4. Nils, son deres, 1 år, 5. Ingebor Nilsdr. , tenestkvinne, 32 år.
5. familie: 1. Jens Pedersen, husmann med jord, skreddar, 38 år, 2. Eli Christensdr., kona hans 45 år, 3. Peder, son deres 12 år, 4. Christen, son deres, 5 år, 5. Berthe, dotter deres 8 år.
6. Marthe, dotter deres 2 år.

Lunde søndre:

1. familie: 1. Halvor Christophesen, husbonden, 47 år. 2. Rønnaug Gundersdr., kona hans, 60 år, 3. Mari Halvorsdr., dotter deres 21 år, 4. Kirsti Christensdr. , mor til kona, 80 år., 5. Anne Olsdr., tenestkvinne 21 år,
2. familie: 1. Haagen Halvorsen, føderådsmann, 39 år, 2. Sophia Olsdr., kona hans, 36 år. 3. Halvor Haagensen, son deres, 13 år, 4. Kari, dotter deres, 6 år, 5. Ingebor Haagensdr., 3 år.

Lunde, søre:

1. familie: 1 Peder Olsen, husbonden, 39 år, 2. Ingebor Olsdr., kona hans, 32 år, 3. Ole, son deres, 6 år, 4. Marit, dotter deres 9 år.

På Søre Lunde gav i 1803 og 1810 Halvor Christophersen skjøte til Halvor Haagensen, som i 1814 hadde gifta seg med Christence Asbjørnsdr. Men den 17. januar 1816 var husfrua død og det var skifte i samband med dødsfallet. Ved dette skiftet vart garden Søre Lunde verdsett til 1100 riksbankdalar norsk valuta, og dødsbuet utgjorde brutto 2079 rbd. og netto 1054 rbd. Einaste arving ved skiftet var forutan enkemannen Halvor Haagensen den vesle dotter deira: Ingebor, som da var 2 år.

I mellomtida finn ein i 1808 også plassen Knipen av Lunde nemnd. Lars Larsen skjøta da pl. Knipennemnd. Lars Larsen skjøta da pl. Knipen av skyld 2 skinn til Simen Pedersen for kjøpesum 830 rd.

Litt om storleiken på Lunde-gardane i denne tid går fram av matr. Framlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Lunde fortalt at på ”Lunde Nørdre” var buskapen av store husdyr i den tid 3 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde ca. 60 tdr. På ”Lunde Mitre” var dei tilsvarande tal 1 hest, 4 naut og 15 tdr., og på ”Lunde Søndre” var også dei tilsvarande tal like store, nemleg: 1 hest, 4 naut og kornavlinga 15 tdr.

Tre år seinare gav i 1822 enkefru Lyng skjøte til distriktslækjar Hansen på garden Lunde nordre. I hans brukartid fekk i 1831 Lars Engebretsen husmannskontrakt på plassen Knarud. – Etter atter sju år skjøta så i 1838 enkefru Hansen grd. Nordre Lunde til Gudbrand Fliflet, som elleve år seinare vart beskikka til lensmann i Fåberg tinglag. I 1838 er det elles opplyst at

brukar på Lunde søre var i den tid Peder Larsen og på Lunde midtre framleis Halvor Haagensen. Ved matrikuleringa av gardane same året vart matrikkelskylda av Lunde nordre omrekna og justert til 7 skylddalar 4 ort 40 skilling og på kvar av gardane Lundemidtre og søre til 1 dlr. 3 ort 13 skilling.

Her kjem elles inn å omtale eit skifte som var på "Lunde i Lillehammer, Faaberg" den 11 jan-1836. Den avdøde var da Marit Pedersdtr., som hadde vore gift med Lars Larsen Lunde. Skiftet var på den eine av dei da likt skyldsette Sørlunde-gardane. Ved dette skiftet vart grd. Lunde av skyld 3 skinn taksert til 300 spd., og dødsbuet utgjorde brutto 576 spd. og netto 553 spd. Arvingane var foruten enkemannen Lars Larsen dei 5 borna i ekteskapet. Av dei var det 3 søner og 2 døtre. Det var: 1. Peder, som da var 22 år, 2. Anne, 18 år, 3. Ole 12 år, 4. Ingeborg, 7 år, Lars, som var 5 år..

Frå 12. desbr. 1844 er eit skjøte på "Lunde mittre af Lunde søndre" der Halvor Haagensen sel garden til (truleg son sin) Peter Halvorsen. Det går tydeleg fram at kjøparen Peter Halvorsen samtidig gav føderådskontrakt til seljaren Halvor Haagensen og hustru.

På "Lunde søndre" var det handel med garden 18 år seinare. Eigaren Peder Larsen skjøta da Lunde til svigerson sin Thord Madsen Smee for 300 spd. og eit føderåd verdsett til 200 spd. Av føderådsbrevet går det fram at kona til Peder Larsen heitte Kristine Johannesdtr.

Same året, altså i 1862, var det og utskifting av seterskog på Nysetra.

Ved folke- og landbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Det er det om Lunde-gardane fortalt at på Lunde nordre var det samla jordbruksareal av åker, eng og seter lykkjer da 193 mål, og av dette var 102 jord av 1. klasse; på Lunde midtre hos Peder Halvorsen var dei tilsvarande tal 52 mål og 27 mål, og Lunde søre hos Thord Madsen var tala 51 mål og 27 mål. Samtidig er det opplyst at krøterhald og den årlege såmengda var: På Lunde søre 1 hest, 7 storfe, 16 småfe, 3½ td. korn, 3 tdr. settepoteter, på Lunde midtre: 1 hest, 7 storfe, 15 småfe, 3¼ td. korn og 3 tdr. settepoteter. På Lunde nordre, som lensmann Fliflet i den tid brukte saman med nordre Fagstad, var dei tilsvarande tal: 5 hestar, 32 storfe, 31 småfe, 17 tdr. korn og 17 tdr. settepoteter.

I 1876 gav lensmann Gudbrand Fliflet skjøte til son sin Thorvald Fliflet på gardane nordre Lunde og nordre Fagstad for kjøpesum tilsaman 2 300 spd. og eit føderåd taksert for 5 år til 700 spd.

Ti år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Lunde i Fåberg fekk da gardsnr. 39 av samla samla skyld 19,27 mark, og det var i 1886 framleis 3 bruksnr. Under gardsnr. 39 Lunde. Det var: a. gr.nr. 39, br.nr. 1 Lunde nordre av skyld 13,02 mark, som lensmann Thorvald Fliflet hadde, b. br.nr. 2 Lunde mellom av skyld 3,31 mark m3ed Peter Halvorsen som eigar eller brukar, og c. Lunde søndre, av skyld 2,94 mark, som Thord Madsen Smee framleis brukte.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Mathias Pedersen hadde overtatt br.nr. 2 Lunde midtre da av skyld 3,31 mark, Mathias Torsen hadde overtatt br.nr. 3 Lunde søre, og Simen Simensen hadde kjøpt br.nr. 4 Lundhagen søre av skyld 0,06 mark. - Av dei kommunale manntal frå denne tid går det elles fram at i 1907 budde enda Kristen Olsen Knipen som innerst ved Lunde nordre, han var da 95 år. Knarud var enda i bruk som husmannsplass, og der budde Hans Toresen Knarud, 50 år, og Oline, kona hans, 43 år. Elles budde arbeidar Petter Hansen i Nordengen og skomaker Hans i Myrlykkjen. I 1907 var det dessuten fleire handlar med Lunde-gardane og/eller partar av garden. Den 11. desember gav såleis lensmann Th. Fliflet skjøte til son sin Gudbrand Fliflet på gr.nr-39, brnr.1 Lunde nordre og dertil gr.nr. 42, br.nr. 2, gr.nr. 183, br.nr. 2 og gr.nr.86, br.nr. 5 for kjøpesum det same kr. 14000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 4000,-. Det er i skjøtet elles gjort det atterholdt at seljaren og son hans Kristoffer og deira livsarvingar fekk forkjøpsrett til desse eigendomane

for tils. Kr. 20 000,- Samtidig med denne handelen gav og lensmann Fliflet skjøte til Sigmund Fliflet på grd.nr. 42, br.nr. 4 Nævelstykket for kr. 1 000,-. Under Lunde vart så denne parsellen ført som bruksnr. 5.

I 1907 gav og Thord Smees enke Matea Pedersdtr. Lunde skjøte til Matias Thorsen på br.nr. Lunde søre for kjøpesum kr. 3 200,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 800,-. Vidare vart det i 1919 eit bruksnr. 6 A/S Hoteltomten for oppføring av sanatorium av skyld 0,02 fråskilt garden, og vidare kjøpte i 1936 hr. S. Fougner m.fl. br.nr. 7 Holums tomt av skyld 0,01 mark. Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det såleis vorte 7 bruksnummer under gardsnr. 39 Lunde. Av desse var det likevel berre 3 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.). Det var: a- Gr.nr. 39, 42, 37, br.nr. 1, 2, 8, 4 Lunde gård.med gross. Wilhelm Mustad som eigar og med eit jordbruksareal på ca. 350 mål, b. gr.nr. 39 br.nr.2 Lunde mitre, eigar og brukar Even Haugen, jordbruksareal ca. 50 mål, c. br.nr. 3 Søndre Lunde, eigar og brukar Sigurd M. Lunde, jordbruksareal ca. 60 mål.